



**Nærøyfjorden
verneområdestyre**

Møteinkalling

Utval: **Nærøyfjorden verneområdestyre**

Møtestad: Undredal

Dato: 25.06.2025

Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Styremøtet er i forkant av jubileumsarrangementet som Nærøyfjorden verneområdestyre har i samband med 20-årsjubileum for verdsarvstatus.

Styremøtet er i Undredal ungdomshus kl 10-13.

Vi legg opp til lunsj om lag kl 11.30.

Jubileumsarrangementet startar med gardsbesøk om omvisning i Undredal etter møtet.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 17/25	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 18/25	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 19/25	Orienteringar og referatsaker		
DS 4/25	Delegert vedtak - Løyve - Nærøyfjorden landskapsvernombordet - utbetring av drifteveg med gravemaskin - Engi-Storeldalen - Skogheim Entreprenørservice AS	2025/7148	
DS 5/25	Delegert vedtak - dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernombordet - motorferdsel - helikopterflyging i samband med kavleteljing - Fjellheimen og Raudafjell - Norsk Villreinsenter	2025/6751	
DS 6/25	Delegert vedtak - dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernombordet - motorferdsle med helikopter - reparasjon av bru ved Grindaflethytta - Voss Utferdslag	2025/3763	
RS 12/25	Løyve - Nærøyfjorden landskapsvernombordet - undersøkelse - Lichenicolous fungi lavsopp - Vitenskapmuseet Trondheim	2025/6627	
ST 20/25	Nærøyfjorden verneområdestyre - orienteringssaker til styremøte 25.06.25	2025/537	
RS 13/25	Referatsak - synfaring på Hausen		
ST 21/25	Nærøyfjorden verneområdestyre - retningslinjer for handsaming av søknader om motorferdsel i samband med jakt	2025/9818	
ST 22/25	Nærøyfjorden landskapsvernombordet - søknad om helikopterflyging i samband med jakt - Morten Nesbø	2025/7403	
ST 23/25	Nærøyfjorden landskapsvernombordet - søknad om å legge flytebrygge ved Stegalandet - Ottar Stegen	2025/4841	
ST 24/25	Nærøyfjorden landskapsvernombordet - søknad om gjenoppbygging av Hortastova - Svenn Vidar Stegen	2025/8353	
ST 25/25	Nærøyfjorden landskapsvernombordet - resurering av kokkehus på husmannsplassen Skogane - Arild Dyrdal	2024/16554	
ST 26/25	Nærøyfjorden verneområdestyre - møteplanlegging 2.halvår 2025	2025/537	
ST 27/25	Eventuelt		

ST 17/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 18/25 Val av styremedlem til å skrive under protokollen
ST 19/25 Orienteringar og referatsaker
**DS 4/25 Delegert vedtak - Løyve - Nærøyfjorden landskapsvernombordet - utbetring
av drifteveg med gravemaskin - Engi-Storeldalen - Skogheim Entreprenørservice
AS**
**DS 5/25 Delegert vedtak - dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernombordet -
motorferdsel - helikopterflyging i samband med kavleteljing - Fjellheimen og
Raudafjell - Norsk Villreinsenter**
**DS 6/25 Delegert vedtak - dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernombordet -
motorferdsle med helikopter - reparasjon av bru ved Grindaflethytta - Voss
Utferdsdag**
**RS 12/25 Løyve - Nærøyfjorden landskapsvernombordet - undersøkelse -
Lichenicolous fungi lavsopp - Vitenskapsmuseet Trondheim**



Arkivsaksnr: 2025/537-7

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 18.06.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	20/25	25.06.2025

Nærøyfjorden verneområdestyre - orienteringssaker til styremøte 25.06.25

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringssakene til vitande

Saksopplysningars

Jubileumsarrangement

Etter møtet startar vi med jubileumsarrangementet som verneområdestyret har i samband med 20-årsjubileet for verdsarvstatus. Onsdag vert det omvisingar her i Underdal og torsdag arrangement på Styvi. Totalt er det rundt 25 påmeldte på arrangementet. Program og praktisk info vert sendt ut i eigne e-postar til alle påmeldte.

Forvaltarvikarar

Situasjonen for verneområdeforvaltarar i Aurland er framleis at den eine forvaltaren er i (planlagt) permisjon og at den andre er sjukemeldt på ubestemt tid.

- Aron har allereie jobba ei stund som vikar. Han har gått gjennom introduksjonsprogram/opplæring og fylgt opp nokre saker og tiltak. Han har hatt sommarferie dei siste vekene, men startar opp att 25.juni.
- Ivar Optun Andersen startar 1.august i eit 50 % vikariat. Ivar har jobba som viklar i Aurland tidlegare og kjenner områda og forvaltarjobben godt. Ivar skal ha kontorstad i Bergen sidan engasjementet skal kombinerast med ei anna stilling.
- Naturmangfaldseksjonen hjå Statsforvaltaren har knytt til seg fleire andre nye ressurspersonar i engasjement som kan hjelpe til ved behov ut i frå kompetanse og kapasitet.



- Vikargjengen (Tor Arne, Trygve og Alf Erik) hjelper framleis til ved behov og for å støtte opp om dei andre vikarane.

Økonomi

Til no er det brukt minimalt med midlar i Nærøyfjorden. Om lag 2.500 av tiltaksmidlane er betalt ut og om lag 33.500 av driftsmidlane til styret. Dei fleste midlane er likevel bundne opp og blir betalt ut i til hausten når tiltak og skjøtsel er gjennomført og rapportert.

Tiltak og tiltaksmidlar

På styremøte i mars vart tiltaksmidlane for 2025 prioritert og fordelt. Det aller meste er sett av til skjøtsel av kulturlandskap og skjøtsel/stell av stiar og støylsvegar. Arbeidet vert utført av grunneigarar eller gjennom tenestekjøp, som skriv avtale med verneområdestyret/Statsforvaltaren, og som sender faktura etter utført arbeid.

Det er mange avtalar som skal skrivast. Dei aller fleste skjøtselsavtalane er på plass, men det manglar ein del avtalar på andre tiltak. Dette er dessverre eit arbeid som har blitt noko forseinka grunna den reduserte kapasiteten vi har hatt i Aurland til no. Det er ei prioritert oppgåve å få desse avtalane i boks utover sommaren og følgje opp skjøtselsarbeid og tiltak.

RS 13/25 Referatsak - synfaring på Hausen



Arkivsaksnr: 2025/9818-1

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 18.06.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	21/25	25.06.2025

Nærøyfjorden verneområdestyre - retningslinjer for handsaming av søknader om motorferdsel i samband med jakt

Innstilling frå forvaltar

Forslag til retningslinjer

Alle saker som gjeld søknad om bruk av motorferdsel til uttransport av felt hjortevilt vil verte handsama individuelt og i tråd med forvaltningslova. Sakene må handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova og §§ 8-12 i same lov skal og vurderast i kvar enkelt sak.

Desse retningslinjene vil bli lagt til grunn:

- Løyve til bruk av helikopter vil berre bli gjeve til vald. Jegerar, jaktlag og grunneigarar innanfor valdet må då samarbeide og dele på det tal landingar som det valdet har.
- Det vert berre gjeve løyve til uttransport av kjøt og eventuelt trofé frå felt hjortevilt. Løyva kan ikkje brukast til transport av jaktutstyr eller jegerar.
- Løyve kan berre nyttast ved felling av minst to hjortar og/eller minst ein elg.
- Løyve kan berre nyttast i vanskeleg terrenget der det er minst tre timer med bæring til bilveg eller båt.
- Kvart vald som søker kan i utgangspunktet få løyve på inntil tre landingar. For vald med stor kvote kan ein vurdere fleire.
- Valda kan söke om fleirårige løyve på inntil fire år
- Løyver som er i tråd med desse retningslinjene kan handsamast av forvaltar med delegert mynde. Ved tvil og prinsipielle spørsmål skal sakene leggast fram for verneområdestyret.



Saksutgreiing

Bakgrunn

Nærøyfjorden verneområdestyre har hatt fleire saker som gjeld bruk av motorferdsel i samband med jakt. Det er då uttransport av felt vil som er aktuelt. Sakene har fått ulikt utfall, og verneområdestyret såg hausten 2024 behov for å ha ein generell og prinsipiell gjennomgang av denne typen saker. Dette med mål om å få ein heilskapleg forvaltning og sakshandsaming og gjerne og å redusere det samla omfanget av motorferdsel. I tillegg vil generelle retningslinjer bli meir føreseieleg for grunneigarar og jegerar.

Nærøyfjorden er eit område som både er rikt på vilt og jaktkultur, og har samstundes eit særskilt krevjande terreng. Høge fjell, bratte fjellsider og få skogsvegar gjør det tiltidige krevjande å transportere heim felt vilt. Dei siste tiåra har og ein aukande og etter kvart stor bestand av hjort ført til at mengda med kjøt som skal transporterast ut er større. Det er og eit aukande fokus på viltkjøt som ressurs og å sikre kvaliteten på kjøtet, som set strengare krav til transport, handtering og oppbevaring.

Dette kombinert med teknologisk og økonomisk utvikling gjer til at bruk av motorferdsel er meir aktuelt enn før i samband med uttransport av felt vilt, og då særleg bruk av helikopter.

Regelverk

Motorferdsel, inkludert landing med helikopter og flyging under 300 m, er forbode i Nærøyfjorden landskapsvernombanen, jamfør verneforskrifta for Nærøyfjorden § 3 punkt 2.1. Det er opna for nokre unntak frå forbode i punkt 2.2, men ingen av desse gjeld jakt. I punkt 2.3 er det opna for at forvalningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel, men det gjeld transport til hytter og liknande. Ein kan derfor ikkje gje løyve til motorferdsel i samband med jakt med heimel i verneforskrifta, og søknader om dette må derfor handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48:

§ 48.(dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.



Denne regelen skal i følgje Miljødirektoratet berre brukast unntaksvis og terskelen skal vere høg for å bruke den. Den skal ikkje «uthole» verneverdaket, og først og fremst brukast til mindre saker som ikkje går ut over verneverdiane (første alternativ).

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2008) står bruk av motorferdsel i samband med jakt omtala på side 57:

«Jakt vert definert som ein aktivitet innan friluftsliv, noko som pr. definisjon er umotorisert. Difor skal jaktutbyttet som ein hovudregel alltid fraktast ut utan bruk av motorisert transport. Bruk av helikopter i samband med uttak av jaktutbytte vil det difor vere ein høg terskel for å få løyve til. Unntak vil berre vere aktuelt ved særskjelte tilhøve. Det vil seie at det må vurderast direkte under § 4 i forskriftene ("ikkje i strid med formålet med vernet"). Grunnlag for vurdering kan vere i ekstremt bratt og vanskeleg terreng, eller ved ekstremt vanskeleg vértihøve, t.d. snøfall kombinert med vanskeleg og terrenget og store avstandar. Det er gjeve eit slikt (fleirårig) løyve pr. november 2007.

Det er forbod mot barmarkstransport ved uttransport av felt storvilt i verneområda. Det vil ikkje vere aktuelt å tillate ATV for utfraekt av jaktutbytte, fordi slike barmarkkjøretøy gjev sporskader i terrenget og på vegetasjon.»

NB: Merk at § 4 i verneforskrifta som er omtala her, er no erstatta av § 48 i naturmangfaldlova som tidlegare er omtala.

Forvaltningsplanen seier at bruk av helikopter i samband med uttak av jaktutbytte kan vere aktuelt, men at det skal ha høg terskel og berre vere aktuelt ved særskjelte tilhøve. Bratt og vanskeleg terrenget er nemnd som døme på vanskeleg tilhøve her, i tillegg til snøfall og anna dårlig ver.

CWD-tiltak

I 2016 vart det påvist CWD (skrantesjuke) på villrein i Nordfjella. I samband med nedkjemping av sjukdommen og tilhøyrande overvakning av hjorteviltbestandar har det vore sett i verk fleire tiltak i Nordfjella og kommunane rundt. Først gjennom nedskytinga av villreinstammen og i tillegg reduksjon av bestandane av hjort og elg. Det har og vore viktig å legge til rette for omfattande prøvetaking frå felte dyr.



Eit av tiltaka har vore å legge til rette for og finansiere uttransport av felte hjortevilt. Dette gjaldt villrein under nedskytinga i 2016, og hjort og elg åra 2018-2022. Frå 2023 har dette ikkje lenger blitt koordinert og finansiert av nasjonale myndigheter, men det har framleis vore eit uttalt ønskje frå nasjonale myndigheter å redusere bestanden av hjort og elg i randområda til Nordfjella, og å halde bestanden låg.

Forvaltningspraksis

Nærøyfjorden verneområdestyre, og før det Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, har tidlegare handsama fleire saker som gjeld bruk av helikopter til uttransport av felt hjortevilt. Her er ei oppsummering over korleis ulike saker har blitt vurdert:

- Det har blitt gjeve både eittårige og fleirårige løyve til uttransport frå til dømes Horten, Ramsøy, Flenjane og Brekke/Frondalens. Ein har freista å gje løyve til vald og ikkje til enkeltjegerar eller jaktag.
- I 2023 og 2024 har det blitt gjeve eit generelt løyve til utflyging administrert gjennom Aurland Hjorteutval. Det løyvet kunne nyttast av alle valda i Aurland.
- Hausten 2024 vart det søkt om løyve til utflyging frå ein enkelt jeger/grunneigar. Søknaden vart handsama i styremøte i Nærøyfjorden verneområdestyre og styret avslo søknaden. Grunngjeving for avslaget var at styret ville avgrense motorferdsel og ikkje ville skape ein presedens ved å gje løyve til ein enkelt jeger. I tillegg kunne det felles løyve til Aurland hjorteutval nyttast.

Vurdering

Det vil vere særstakt positivt å få vedteke generelle retningslinjer for motorferdsel i samband med jakt i Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Det vil gjøre det enklare for forvaltarane og sakshandsame, og ein kan i større grad bruke delegert mynde til å vurdere og handsame sakene. Det vert enklare for jegerar, grunneigarar og vald å vite kva for reglar og retningslinjer som gjeld og kva som er realistisk å soke på. Ei betre sortering av søknader før dei vert sendt inn vil også effektivisere sakshandsaming.

Det har skjedd mykje og vore ei stadig utvikling innanfor dette temaet. Aukande viltbestandar og aukande velstand har gjort bruk av helikopter til uttransport av kjøt meir aktuelt og meir vanleg. Det er også fleire tilbydarar av helikoptertransport og det har blitt meir vanleg å bruke det både i samband med jakt og anna transport.



Det vert og lagt meir vekt på viltkjøt som ressurs og verdi. Skal dette utnyttast må ein ha kvalitet i heile kjeda «frå skog til bord», og det set krav til handtering og transport av kjøtet etter at viltet er felt. Rask uttransport frå utmark til eigna slakteplass og lager vil då vere ein fordel og bidra til å ta vare på kvaliteten og salsverdien til kjøtet.

Behovet for motorisert uttransport heng sterkt saman med kor mykje og kor store vilt som vert felt. Ved felling av ein liten hjort (kalv eller ungdyr) er det ikkje noko problem å bere dette ut. Jeger må uansett gå ut av området sjølv og bere ut sitt eige utstyr, og då kan ein bere ei viss kjøtmengde i same slengen. Det må ein kunne forvente av jegerar som skal jakte i sopass krevjande terreng. Vert det derimot felt elg, godt vaksen hjort (70-80 kg slaktevekt og oppover) eller fleire dyr, so vil det fort ikkje vere praktisk mogeleg å bere dette ut med mindre ein er eit stort jaktag.

Alt som har skjedd rundt nedkjempinga av CWD og overvakning har gjort det krevjande å ha ei føreseieleg og regulert forvaltning av motorferdsel i samband med jakt og viltforvaltning. Nedkjemping av CWD vert definert som stor nasjonal samfunnsinteresse som til dels står over vernereglane i nokre spørsmål. Ein har derfor hatt eit midlertidig liberalt regime med stor opning for å bruke motorferdsel. Dette har jegerar og forvaltning vent seg til. Når ein no skal ta steg i retning av ein slags normaltilstand og ein forvaltningspraksis som skal stå seg over lang tid, kan det vere krevjande.

Skal ein ha generelle retningslinjer bør ein først definere kva ein vil oppnå med dei. I dette tilfellet vil det først og fremst vere:

- Avgrense omfanget av motorferdsel på eit akseptabelt nivå
- Effektivisere sakshandsaminga
- Føreseielege retningslinjer som er enkle å forstå for jegerar, grunneigarar og vald
- Ein praksis som legg til rette for å oppnå lokale og nasjonale mål i hjorteviltforvaltninga, bruk av jaktretten og praktisk gjennomførbar jakt innan rimelege rammer og regelverk.

Alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet skal, jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12. Denne typen retningslinjer er i den samanhengen rekna som eit vedtak, og desse vurderingane må gjerast her og.

Naturmangfaldlova § 8 set krav til eit tilstrekkeleg og forsvarleg kunnskapsgrunnlag. Kvar enkelt sak skal vurderast individuelt, og kunnskapsgrunnlaget må vere tilstrekkeleg i den enkelte saka. Generelt sett kan ein seie at ein har mykje kunnskap



om verneområdet, og kunnskapsgrunnlaget vert stadig større gjennom ulike kartleggingar. Det meste er samla og lett tilgjengeleg på databasar som Naturbase og Fylkesatlas. Kunnskap om villreinen sin bruk av områda finn ein i kartforteljingane på villrein.no. I tillegg til dette kjem den lokalkunnskapen som forvaltninga har opparbeida seg gjennom mange år med ulike typer saker, planer og tiltak. Kunnskapsgrunnlaget er solid og nml § 8 er i utgangspunktet oppfylt. I enkeltsaker der kunnskapsgrunnlaget er mangefullt må føre-var-prinsippet i § 9 leggast til grunn.

Jamfør nml § 10 skal ein vurdere den samla belastninga eit tiltak eller inngrep har på heile økosystemet, og ein skal då inkludere effekten av ein eventuell presedens som vert skapt av eit vedtak. Eit vesentleg mål med desse retningslinjene er å redusere det samla omfanget og i alle fall regulere det innanfor føreseielege rammer. Retningslinjene skal også legge til rette for samarbeid mellom fleire jegerar og jaktlag. Samla sett skal dette redusere belastninga og unngå presedens.

Naturmangfaldlova § 11 er ikkje aktuell.

Gjennom nml § 12 kan forvalningsstyresmakta sette krav til at mest skånsame metode, lokalisering og trase vert brukt. Når det gjeld metode er bruk av helikopter den mest skånsame måten å transportere heim felt vilt på, sidan det er sopass effektivt tidsmessig og dessutan ikkje set spor. So kan ein i kvar enkelt sak sette vilkår om kor det er mest skånsamt å lande og fly.



Arkivsaksnr: 2025/7403-3

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 18.06.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	22/25	25.06.2025

Nærøyfjorden landskapsvernombord - søknad om helikopterflyging i samband med jakt - Morten Nesbø

Innstilling frå forvaltar

Søknad om løyve til lågtflyging og landing med helikopter i samband med jakt vert avsleghen. Avslaget er grunngjeve med generelle retningslinjer for motorferdsel i samband med jakt og med omsynet til samla belastning i naturmangfaldlova § 10.



Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om helikopterlandning frå Morten Nesbø, datert 7.mai 2025
- Vedtak gjort av Nærøyfjorden verneområdestyre 24.oktober 2024
- Utkast til generelle retningslinjer for motorferdsel i samband med jakt i Nærøyfjorden landskapsvernombord

Søknaden

Morten Nesbø har sendt søknad om løyve til å lande med helikopter i Nærøyfjorden landskapsvernombord, via Statsforvaltaren sitt elektroniske søknadssenter. Søknaden gjeld flyging frå Flenjane til Aurlandsvangen i samband med hjortejakt, meir konkret uttransport av felt hjort og av ein kasse.

Det vert søkt om ei landing per år i perioden 14.september til 29.november, og løyve for totalt fem år. Søknaden vert grunngjeve med at jakterrenget er krevjande og lite tilgjengeleg, at det er viktig å drive jakt og forvaltning her med omsyn til CWD og at det er viktig å få transportert dyra heile heim for vidare handtering og foredling.

Saka vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Nærøyfjorden landskapsvernombord
- Naturmangfaldlova
- Utkast til generelle retningslinjer for motorferdsel i samband med jakt i Nærøyfjorden landskapsvernombord

Regelverk

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i Nærøyfjorden landskapsvernombord, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 2.1. Dette forbodet inkluderer lågtflyging under 300 m og landing med helikopter. I verneforskrifta er det opna for at forvalningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel til visse føremål, men jakt er ikkje blant desse.

Søknaden må derfor handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48. Det er første alternativ i den paragrafen som er aktuell å bruke her (mi understrekning).

§ 48.(dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet skal, jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.



All motorferdsel i utmark må vere i tråd med lov om motorferdsel i utmark. Det er kommunen som handsamar denne lova, og det er søkjaren sjølv som har ansvar for at naudsynte løyve er på plass.

Vurdering

I saker som skal handsamast etter naturmangfaldlova § 48, so må ein først gjere ei juridisk vurdering om kor vidt vilkåra i paragrafen er oppfylt, slik at heimelen faktisk kan brukast. Vi må då vurdere kor vidt aktiviteten eller tiltaket «*strider mot vernevedtakets formål*» og om det «*kan påvirke verneverdiene nevneverdig*». Vi må då sjå til føremålet med vernet av Nærøyfjorden, som står i verneforskrifta § 2:

§ 2. Føremål

Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter.

I denne saka er det søkt om å flyge lågt og lande med helikopter, ein gong per år. For denne søknaden isolert sett, er det eit veldig lite omfang av motorferdsel det er snakk om. Ei landing per år kan ikkje seiast å vere i strid med det som står lista opp i føremålsparagrafen over her. Landinga kan heller ikkje seiast å påverke verneverdiar i området i verneverdig grad. I alle fall ikkje når den går føre seg på hausten, i god avstand til hekke- og yngletid. Vilkåra i nml § 48, første alternativ er altså oppfylt og dispensasjon kan gjevest med heimel i den paragrafen.

Det at man har konkludert med at det er heimel til å gje dispensasjon i nml § 48, betyr ikkje automatisk at dispensasjon vert gjeven. Det er fleire vurderingar ein må gjere om kor vidt det er fagleg tilrådeleg å gje løyve. Ei vurdering om kor vidt føremoner med å gje løyve er større enn umerper er naturlegvis sentral. I tillegg må ein sjå til gjeldande forvaltningspraksis og presedens, og til sist om miljørettskrava i nml §§ 8-12 er oppfylt.

Tilnærma likelydande søknad, frå same søker, vart handsama av Nærøyfjorden verneområdestyre i oktober i fjor. Styret avslo søknaden då, og det vedtaket legg naturlegvis sterke føringar for vurderingane og sakshandsaminga. Avslaget var grunngjeve med styret ikkje vil gje løyve til helikoptertransport til enkeltjegerar eller -grunneigarar, og at den typen uttransport bør skje i regi av vald eller kommunalt hjorteutval. Styret meinte at løyve til ein enkelt jeger/grunneigar ville skape ein presedens som kunne føre til auka omfang av motorferdsel ut over det som er ønskjeleg.

Dei aller fleste vurderingane som vart gjort i saksutgreiinga i oktober i fjor står seg enno. Eg brukar derfor ikkje tid på å gjere dei vurderingane på nytt, men eg fokuserer heller på det som er nytt i denne saka og det som eventuelt har endra i ytre rammer. Søknaden og tiltaket



som det er søkt om er so godt som likt. Det som har endra seg er at Aurland Hjorteutval ikkje lenger har eit felles løyve. Søkjer viser til dette i søknaden og har det som grunngjeving for ny søknad.

Det andre nye momentet er at verneområdestyret har bede om å få ei sak om generelle retningslinjer for motorferdsel i samband med jakt. Dei vert lagt fram for handsaming på same møte som denne saka. Utkastet til retningslinjer vert derfor lagt til grunn i saksutgreiinga. Der vert ein streng praksis for å gje løyve til motorferdsel i samband med hjortejakt vidareført, og det vert lagt opp til at det er vald eller andre større samanslutningar som kan få løyve. Dersom det vert gjort endringar i retningslinjene, må ein hugse på å legge dei endringane til grunn når styret handsamar denne saka.

Kunnskapsgrunnlaget i saka er solid. Det har vore handsama fleire liknande saker tidlegare, og kjennskapen til området er tilfredsstillande. Kravet om kunnskapsgrunnlag og opplyst sak i nml § 8 er oppfylt. Kravet i nml § 12 om at mest skånsame metode skal brukast er også oppfylt, sidan bruk av helikopter er den mest skånsame måten å transportere ut felt vilt på.

I nml § 10 er det krav til å vurdere samla belastning på økosystemet av eit vedtak, inkludert effekten av framtidige vedtak som følgje av presedens. Det er eit sentralt moment i denne saka, som og vart vektlagt i handsaminga i fjar. Å gje løyve til ein enkelt jeger eller grunneigar vil vere ei oppmuking av gjeldande forvaltningspraksis og skape ein ny presedens. Både styre og villreininteressene har ytra bekymring for at det totale omfanget av motorferdsel er høgt og helst bør reduserast. Då vil ei slik oppmuking og ein ny presedens vere særskilt uheldig.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er ikkje aktuelle i denne saka.

Kort oppsummert so ser forvaltar ikkje grunn til å endre på den praksisen styret har lagt seg på tidlegare, og det har ikkje kome til nye moment som tilseier at ein skal gjere eit anna vedtak enn det som vart gjort i oktober i fjar.

Dersom retningslinjene for motorferdsel i samband med jakt vert vedtekne i tråd med det utkastet som ligg i innstillinga, taler det og for at søknaden vert avslagen.

Ein kan derimot signalisere overfor søker at ein liknande søknad frå eit vald, der ein koordinerer behov for motorferdsel på vegner av fleire jegerar/grunneigarar i valdet, truleg vil få løyve innan rimelege vilkår.



Arkivsaksnr: 2025/4841-3

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 18.06.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	23/25	25.06.2025

Nærøyfjorden landskapsvernombord - søknad om å legge flytebrygge ved Stegalandet - Ottar Stegen

Innstilling frå forvaltar

Ottar Stegen får løyve til å legge flytebrygge midlertidig ved Stegalandet, på stad avmerka på kartet i søknaden. Løyvet inkluderer å feste flytebrygga i land med to boltar i fjellet. Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48.

Vilkår for løyvet:

- Det skal brukast betong og ikkje gjerast anna inngrep i terrenget enn dei to boltane.
- Flytebrygga kan plasserast der midlertidig og ligge der i inntil eit år frå vedtaksdato.
- Tiltakshavar er ansvarleg for å fjerne flytebrygga når arbeidet er ferdig og/eller løyvet går ut.
- Boltane skal kappast eller fjernast so langt det lar seg gjere når flytebrygga er fjerna.




Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om å legge midlertidig flytebrygge ved Stegalandet, datert 20.3.2025
- Melding om endring av søknad og svar på spørsmål, datert 20.5.2025
- Kart
- Bilete

Søknaden

Ottar Stegen er grunneigar på garden Øvste Stegen. Han har fått løyve til å bygge opp att ei taubane som går frå fjorden og opp til garden. No søker han og om løyve til å legge ut ei midlertidig flytebrygge.



Figur 1. Kart som syner plasseringa nedanfor Stegen-gardane.



I den opphavelege søknaden var det søkt om å kunne legge flytebrygga ved to ulike lokasjoner ved behov, både der kor taubana skal gå opp, og ved kaien der kor stien går opp til Stegengardane. Seinare har søker endra planane og søknaden. Det er berre behov for å legge flytebrygge der kor taubana skal starte.

På sikt vil han restaurere den kaia der kor taubana skal gå opp. Det er og snakk om å bygge ei felles kai der kor stien startar. Det går og ei sak i Jordskifteretten om bruksrettar til kaier og strandlinja i området.

Flytebrygga er 2m x 6m. Den er i metall med dekke av treverk. Den har landgang som må setjast fast i land. Flytebrygga må festast i land med boltar i fjell. Ottar Stegen skriv at dei har klarert med grunneigar at flytebrygga kan leggast her midlertidig.



Figur 2. Bilete av flytebrygga

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde
- Naturmangfaldlova

Verneforskrift og anna regelverk

I Nærøyfjorden landskapsvernområde er området «verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter». Det står i verneforskrifta § 3 punkt 1.1. Deretter står det lista opp ei rekke inngrep og tiltak som døme, og mellom anna «oppføring av anlegg og faste innretningar». Å legge ut ei flytebrygge som skal ligge over noko tid og festast med faste boltar, vil gå inn under den definisjonen og derfor i utgangspunktet vere forbode. Tiltaket må då ha ein dispensasjon.



Tiltaket går ikkje inn under nokon av dei føremåla i punkt 1.3 som forvaltningsstyresmakta kan gje dispensasjon til. Saka må då vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48:

§ 48.(dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nemneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Det er første alternativ (mi understrekning) som er aktuelt å bruke i dette tilfellet.

Alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet skal, jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Vurdering

Først må vi vurdere om vi har heimel til å bruke nml § 48. I praksis betyr det å vurdere kortvidt tiltaket strider i mot verneføremålet eller kan påverke verneverdiene nemneverdig. Vi må då sjå på kva som er føremålet med vernet i Nærøyfjorden, som står i verneforskrifta § 2:

§ 2.Føremål

Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter.

Det er snakk om ei midlertidig plassering av ei flytebrygge på fjorden. Sjølvé flytebrygga som då ligg på vatnet vil ikkje ligge inne i landskapsvernområdet, sidan grensa går i vasskanten. Men feste og landgang vil ligge i verneområdet. Vi kan likevel konkludere med at tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet, særleg med tanke på at det er midlertidig.

Vi må og vurdere kor vidt tiltaket kan påverke verneverdiene. Her er det snakk om å feste flytebrygga til land med boltar i fjell. Det vert eit lite, men irreversibelt inngrep. Boltane kan kappast når dei ikkje lenger er i bruk, og då vil dei vere veldig lite synlege etterpå. Sjølv om det blir eit lite inngrep, so kan vi ikkje seie at inngrepet påverkar verneverdiene nemneverdig i negativ forstand. Vi kan konkludere med at vilkåra i naturmangfaldlova § 48 er oppfylt, og det er heimel til å gje eit eventuelt løyve etter den paragrafen.

Det må likevel gjerast ei fagleg og skjønsmessig vurdering om kor vidt ein bør gje løyve. Då må ein vurdere føremålet med tiltaket, innverknad på natur og miljø og om det er andre og meir skånsame alternativ. Ein må og vurdere vilkår til eit eventuelt løyve.

Føremålet med tiltaket er å ha tilgong til området medan taubana vert restaurert og det etter kvart vert bygd ny permanent kai. Det er bratte berg langs stranda her, kor det er krevjande



både å komme i land og å få i land utstyr og material til arbeidet. Det er også vanskeleg å legge båt her på ein slik måte at den ligg trygt. Båten er mindre utsett for vind, ver, skade og liknande når den ligg ved ei flytebrygge enn om den berre ligg med tau, blåse, dregg eller tilsvarande. Behovet er derfor både forståeleg og rimeleg.

For å unngå negativ påverknad på landskapet i verneområdet og verdsarvområdet, so vil ein helst unngå for mange nye installasjonar. Dersom alle med bruksrettar eller andre interesser skulle ha flytebrygger liggande, permanent eller midlertidig, so ville det vere negativt for verneverdiane og landskapet. Her er det snakk om midlertidig plassering av flytebrygga medan arbeidet med taubane og eventuelt kai går føre seg. Og det arbeidet vil på lengre sikt forhåpentlegvis gje gode, permanente løysingar. Ein har på ein måte akseptert ei viss påverknad i området i anleggsperioden når ein gav løyve til restaurering av taubana. Det avgjerande argumentet for at dette kan aksepterast er likevel at det er tidsavgrensa, og at det kan fjernast nesten utan spor.

Dei ønskjer å feste flytebrygga til land med boltar i fjell. To boltar er truleg minimum for å få ei stabil nok forankring. Det er ikkje lagt opp til meir inngrep eller innretningar enn dei to boltane for å forankre flytebrygga og feste landgangen. Det bør presiserast at det ikkje skal brukast betong og ikkje andre inngrep i berget eller terrenget elles enn dei to boltane. Når flytebrygga vert fjerna bør og boltane kappast, med mindre dei kan ha nytte om dei vert ståande. Ute i sjøen bør flytebrygga forankrast med dregg, lodd eller liknande som og kan fjernast med flytebrygga.

Det står ikkje i søknaden kor lenge dei har tenkt å ha flytebrygga liggande. Sidan det først og fremst er i samband med restaureringa av taubana so vil behovet først og fremst vere i byggetida. I løyve til restaureringa er det lagt opp til at det arbeidet skal utførast i løpet av 2025. Søkjarnar vil truleg og ha eit visst behov for flytebrygga vidare framover til permanent kai er bygd eller reparert. Det er derfor vanskeleg å seie kor lenge det er behov for å ha flytebrygga liggande, men det må settast ei avgrensing i tid i eit eventuelt løyve. Eit år kan vere eit høveleg utgangspunkt. So får ein heller opne for å forlenge den perioden dersom ein ser at det er behov for det.

Saka er tilstrekkeleg opplyst. Søkjarnar har sendt ei dekkande søknad som skildrar tiltaket. Kart og biletar frå denne og andre saker i området er med på å fylle ut kunnskapsgrunnlaget. Karta og registreringane som ligg i Fylkesatlas er sjekka. Den syner observasjon av den sterkt trua (raudlista) arten stor bloddråpesvermar i terrenget ovanfor der som flytebrygga skal ligge, men det er ikkje forventa at tiltaket skal ha innverknad på den arten. Kravet til kunnskapsgrunnlag i nml § 8 er oppfylt.

Her er ein del bygge- og mindre inngrepssaker i Nærøyfjorden generelt og rundt Stegen/Stegalalandet spesielt. Kvar enkelt sak vert grundig vurdert opp mot verneføremål og verneverdiar, og det som vert gjeve løyve til og utført er godt regulert. Det er også på det reine at ein må forventa at her blir ein del bygge- og inngrepsaker når ein har med so mykje



kulturlandskap og so mange gardar i verneområdet, og når ein dessutan ønskjer at dei er i drift og vert halde i hevd. Det tek og verneforskrift og forvaltningsplan høgde for. Samla belastning på økosystemet er godt regulert og innanfor det akseptable, jamfør nml § 10. Eit løkke vil vere i tråd med gjeldande forvaltningspraksis og ikkje skape ny presedens.

Tiltakshavar har ansvaret for opprydding etter at løyvet har gått ut og/eller det ikkje lenger er behov for flytebrygga. Tiltakshavar skal og dekke kostnadane ved dette, jamfør nml § 11.

I naturmangfaldlova § 12 er det krav om at mes skånsame metode og lokalisering skal velgast. Ei midlertidig flytebrygge med minimalt med fysiske inngrep på land er den mest skånsame måten å dekke behovet på, og kravet er oppfylt.

Naturmangfaldlova § 9 er ikkje aktuell i saka.



Arkivsaksnr: 2025/8353-4

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 18.06.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	24/25	25.06.2025

Nærøyfjorden landskapsvernombord - søknad om gjenoppbygging av Hortastova - Svenn Vidar Stegen

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre utset saka til fråsegn frå Vestland fylkeskommune
ligg føre og kan takast med i vurderinga.



Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om gjenoppbygging av Hortastova på gnr 56 bnr 1 i Aurland kommune, datert 25.05.2025
- Vedlegg med prosjektskildring for gjenoppbygginga
- Vedtak i klagesak – Oppføring av fritidsbustad ved Horten (2016)

Søknaden

Grunneigar Svenn Vidar Stegen søker om løyve til å gjenoppbygge eit gammalt stovehus på fjellgarden/plassen Horten i Nærøyfjorden landskapsvernområde i Aurland kommune. Han vil bygge opp att ein kopi av den stova som stod på Horten basert på gamle bilete og kunnskap om tradisjonell byggeskikk. Stova skal byggast på dei gamle murane der stova opphavelig stod. Stegen har hyra inn byggmeister Audun Torvaldsen til arbeidet.




Bilete 1. Den gamle stova på Horten, som søker ønsker å gjenskape.



Søknaden er ikkje veldig detaljert. Den innehold prinsippskisser og det blir vist til andre restaureringsprosjekt som referanse. Ein del prinsipp blir slått fast i søknaden, men mange detaljar må tilpassast etter kvart. Slik forvaltar tolkar søknaden er det ønske om å få ei prinsipiell avklaring ut i frå regelverket i verneområdet først, før ein legg ned ressursar i meir detaljert planlegging. Derfor er det ikkje enno sendt søknad til Aurland kommune.

Dei prinsipielle føringane for prosjektet er at stova er tenkt bygd som eit tradisjonelt vestlandsk laftebygg med grunnflate på 5 x 8 meter. Det skal ikkje vere utvendig bordkledning. Bygget skal ha sperretak med «bete» og takvinkel på om lag 34 grader, som rimar med biletet av den opphavelege stova. Vindauga i «empirie-stil» skal ha sprosser og det skal vere torv på taket.



Bilete 2. Prinsippskisse for ny stove på Horten

Prosjektet er avhengig av ekstern finansiering frå tilskotsordningar eller andre bidrag.

Søknaden er vurdert etter:

- Verneforskrift for Nærøyfjorden
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden



Regelverk

Oppføring av bygningar er i utgangspunktet forbode i Nærøyfjorden landskapsvernombordet, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 1.1. Forvalningsstyresmakta kan, jamfør punkt 1.3, gje løyve til oppføring av nye bygningar i samband med landbruk, turlagsverksemnd og oppsyn. Det tiltaket som er søkt om her fell ikkje inn under dei føremåla. Det er derfor ikkje heimel i verneforskrifta til å gje løyve til tiltaket, og saka må vurderast opp mot den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48. Det er første ledd i paragrafen som er aktuell å bruke her (mi understrekning):

§ 48. (*dispensasjon fra vernevedtak*)

Forvalningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet skal, jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Søkjær er sjølv ansvarleg for at løyve etter andre regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, er på plass når det er naudsynt. Ein eventuell dispensasjon her fritek ikkje frå krav frå anna lovverk.

Vurdering

Ei ganske lik sak som denne har vore handsama tidlegare i Nærøyfjorden landskapsvernombordet. I 2016 gav verneområdestyret løyve til oppføring av fritidsbustad ved Horten. Dåverande Fylkesmannen i Sogn og Fjordane klaga på det vedtaket, og Miljødirektoratet gjorde om det vedtaket slik at løyve vart trekt tilbake. Søknaden her gjeld same søkjær, same plass og same paragraf som den gongen. Den saka og dei vurderingane som Miljødirektoratet gjorde i klagehandsaminga i 2016 legg derfor sterke føringar for handsaminga i denne nye saka.

I saker som vert handsama etter nml § 48, må ein først vurdere om vilkåra for å bruke paragrafen er oppfylt. Altso slå fast om tiltaket er i strid med verneføremålet eller om tiltaket kan påverke verneverdiene nemneverdig. Miljødirektoratet konkluderte i 2016 med at oppføring av ein fritidsbustad ved Horten ville kunne påverke verneverdiene nemneverdig, og at vilkåra derfor var oppfylt. Det var den primære årsaka til at dei gjorde om vedtaket. I tillegg peika dei på at saka kunne skape ein uheldig presedens, og på at det i forvalningsplanen for området står at det



ikkje er lagt opp til at det skal førast opp nye bygningar der kor det ikkje er bygningar frå før.

Når vi vurderer denne saka og samanliknar den med saka som vart avgjort i 2016, so må vi sjå på kva som har endra seg og kva som eventuelt skil sakene. I praksis må det vere endringar i søknad eller nye moment i saka dersom ein skal kunne lande på ein annan konklusjon enn Miljødirektoratet gjorde i 2016. Den gong var det snakk om ein fritidsbustad som skulle plasserast utanfor tunet på Horten. No er det snakk om gjenoppbygging av eit bygg som tidlegare har stått på Horten, ein slags kopi. Det skal byggast i tråd med tradisjonell og lokal byggeskikk, og ikkje som ein «vanleg» fritidsbustad. Ein annan vesentleg skilnad er at bygget er tenkt bygd på dei gamle murane, der kor stova opphaveleg har stått.

Som sagt sa Miljødirektoratet i 2016 at oppføring av ein ny fritidsbustad påverka verneverdiane nemneverdig. Det mest sentrale spørsmålet no er då om dei nye planane påverkar verneverdiane i mindre grad enn i 2016? Kan det tenkast at gjenoppbygging av Hortastova er positivt for verneverdiane? Og, er dei gamle steinmurane verneverdige slik dei står att i dag slik at ein ikkje skal bygge på dei? For å få svar på desse spørsmåla må vi ha hjelp frå kyndige fagpersonar innan kulturminne og byggeskikk. I slike saker støttar vi oss som regel på faglege vurderingar gjort av Vestland fylkeskommune. Saka er sendt til fylkeskommunen med ønske om fråsegn frå dei, men i skrivande stund har vi ikkje fått det.



Bilete 3. Dei gamle murane som står att på Horten i dag



Prosjektskildringa og skissene som er vedlagt søknaden ser gode ut. Det er og eit godt teikn at søker har knytt til seg kyndig kompetanse og viser til gode referanseprosjekt. Opplysningane som skal skildre utsjånad og byggeskikk er enno ganske grove og overordna. Søker er tilsynelatande interessert i å få eit prinsippvedtak i første omgang, før dei eventuelt legg ressursar i meir detaljert planlegging. Det opnar og for at forvaltningsstyresmakta gjennom å sette vilkår kan «styre» prosjektet og få det innanfor ønska rammer. Her vil og tilbakemelding frå fylkeskommunen vere heilt sentral.

Om ein skal gjere eit endeleg vedtak i dag, basert på konklusjonane til Miljødirektoratet i klagesaka tilbake i 2016, so har eg som forvaltar ikkje anna val enn å innstille på eit avslag. Direktoratet grunngav avgjerda si den gongen med at tiltaket hadde nemneverdig verknad på verneverdiane, og at det derfor ikkje var heimel i naturmangfaldlova § 48 til å gje løyve. Det er ikkje tilstrekkeleg nye og endra moment i denne søknaden til at eg kan «overprøve» Miljødirektoratet si vurdering. Det som kan endre det, er om fråsegna frå Vestland fylkeskommune seier at gjenoppbygging av Hortastova er positivt for verneverdiane.

Derfor bør styret vente med å gjere vedtak i saka til ein har fått den fråsegna. Det er og viktig for saka å få klarlagt om dei gamle murane på Horten er verneverdige i seg sjølv slik at ein ikkje bør bygge på dei, og det har eg og bede fylkeskommunen om å vurdere.

Eit utsetjingsvedtak betyr nødvendigvis at søker mistar verdifull tid til planlegging og bygging om han skulle få løyve, og det er sjølv sagt ikkje ideelt. Neste styremøte er i følgje møteplanen 1.september. Samstundes er dette er tung og komplisert sak som har gått over fleire år allereie, og det er viktig at den vert handsama skikkeleg. Styret kan eventuelt legg opp til eit kort teamsmøte før den tid dersom det er ønskjeleg.

Naturmangfaldlova §§ 8-12 vert ikkje vurdert når framlegg til vedtak er at saka vert utsett. Dersom styret fell ned på ein annan konklusjon og gjer løyve til bygging må den vurderinga gjerast i møtet.



Arkivsaksnr: 2024/16554-8

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 18.06.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	25/25	25.06.2025

Nærøyfjorden landskapsvernombord - resaurering av kokkehus på husmannsplassen Skogane - Arild Dyrdal

Innstilling frå forvaltar

Arild Dyrdal får løyve til å restaurere to små kokkehus på husmannsplassen Skogane i Aurland kommune. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3 punkt 1.3.c.

Vilkår for løyvet:

- Husa skal restaurerast med den storleik og utforming dei hadde før dei fall ned, her under:
 - o Grunnflate på om lag 2,8 x 2,6 cm
 - o Mønehøgde inntil 2,5 m
 - o Liggande kledning på langveggar og ståande kledning på gavlveggar
 - o Gjenbruk av bølgeblekk til tak i den grad platene er i brukbar stand.
Ved behov kan det supplerast med tilsvarende bølgeblekkplater.
- Det kan monterast omn i husa med røykrøyr/pipe gjennom taket.
- Dersom kledninga skal overflatebehandlast skal dette godkjennast av verneområdestyret.
- Arbeidet skal vere ferdig innan utgongen av 2026.
- Tiltakshavar er ansvarleg for at det vert rydda opp etter at arbeidet er ferdig.
Alt av avfall og overskotsmateriale skal ryddast vekk og transporterast ut av verneområdet.

Tiltakshavar må komme tilbake til verneområdestyret med utfyllande opplysningar om kva dører og vindauge som skal brukast. Dette skal godkjennast av styret før dei vert montert.



Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om å restaurere to kokkehush/ostebuer på Skogane i Aurland
- Vedlegg til søknaden med utfyllande opplysningar, historikk og bilet

Søknaden

Arild Dyrdal søker om løyve til å restaurere to bygningar på den gamle husmannsplassen Skogane som ligg ikkje langt frå Dyrdal i Aurland kommune. Her er det tidlegare gjort eit restaureringsarbeid på hovudhuset på plassen, slik at den bygningen no er delvis restaurert og sikra mot vidare forfall. Dyrdal har fått tilskot frå verdsarv-midlar til arbeidet, både det som er gjort tidlegare og det som er planer om å gjere no.

Det som no vert søkt om er løyve til å restaurere to kokkehush eller ostebuer som står på plassen, ved sidan av hovudhuset. Det eine bygget står i dag, det andre er delvis falle ned. Begge bygga har truleg vore brukte til lagring av dei produkta/maten som har vore laga og fordela på plassen.



Bilete 1. Bilete av Skogane slik det ein gong såg ut når der var busetnad og drift. Dei to kokkehusa er ringa inn.

Bygga skal restaurerast slik som dei er (det som står) eller slik som dei har vore (det som har falle delvis ned). Det er små bygg med grunnflate på 2,6 x 2,8 m, og med ei mønehøgde på om lag 2,6 m. Bygningane har liggande kledning på langsidene og ståande kledning på kortveggane/gavlveggane. På taket skal eksisterande bølgeblekkplater brukast om igjen so langt det lar seg gjere. Ved behov vert det supplert med tilsvarende bølgeblekkplater. Reisverk skal vere av rundstokkar av osp. Resten av treverket er furu frå Dyrdal.



Eksisterande grunnmurar skal brukast, ved behov skal dei supplerast med stein frå nærområdet. Ut i frå teikningane ser det ut til at det skal monterast omn og pipe på bygningane. Det eine bygget har pipe i dag, på det andre ser ein at der er hol til piperøyr gjennom taket.



Bilete 3 og 4. Dei to kokkehusa slik dei ser ut i dag (usikker på kor gamle biletene er, men dei er ikkje eldre enn 2014).

Dyrdal har hyra inn restaureringshandtverkar Bjørn Ståle Vike til arbeidet, både planlegging og gjennomføring.

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden

Regelverk

Nærøyfjorden landskapsvernområde er verna mot inngrep og tiltak som kan endre landskapet sitt særpreg og karakter. Mellom anna gjeld det større tiltak på bygningar som gjer til at deira påverknad på landskapet vert endra, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 1.1.

For å finne ut kva regelverket seier meir detaljert om tiltaket, so må vi definere nærmare kva det faktisk går ut på. Verneforskrifta seier ikkje noko om restaurering, men der er føresegner for mellom anna oppføring, riving, ombygging og påbygging. Når det her er snakk om å restaurere bygningar som står der allereie, so er det per definisjon ikkje nybygg eller oppføring av nye bygg. Det er heller ikkje påbygging, sidan bygga ikkje skal utvidast.



Derimot kan vi seie at tiltaket fell under definisjonen ombygging. Gjennom restaureringa vert utsjånaen vesentleg endra frå slik som bygga er i dag og har vore i mange år. Det mest nærliggande vert derfor å handsame saka etter verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c:

1.3 *Forvaltningsstyresmakta, eller den som vert tillagt mynde, kan gi løyve til:
[...]*

c. *Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk*

Alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet skal, jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Byggesaker vil ofte trenge løyve etter plan- og bygningslova (tbl). Der er det kommunen som er forvaltningsstyresmakt, og eit eventuelt løyve frå verneområdestyret set ikkje det kravet til sides på noko vis. Det er søkeren sitt ansvar å sjekke om tiltaket treng løyve ettertbl, og å få dette på plass dersom det trengs.

Vurdering

Nærøyfjorden er eit område med mykje kulturlandskap, kulturhistorie og kulturminne. Det har vore, og vert stadig, lagt ned mykje ressursar i å ta vare på desse verdiane. Det inkluderer ein del restaurering både av bygningar og areal, slik at ein framleis i dag kan sjå korleis ting har vore før. Dette er viktig formidling av ulike verdiar i verneområde og verdsarvområde.

Tiltaket det er søkt om her er soleis eit positivt tiltak. Det vert stadfesta av at tiltaka, både det som er gjort på stova tidlegare og det som no er planlagt, har fått tilskot frå verdsarvområdet. Det stiller seg og i rekka av fleire andre større og mindre tiltak som handlar om restaurering av bygningar og kulturminne. Det er tydeleg ein stor vilje i Nærøyfjordområdet til å legge ned ressursar og tid i å ta vare på kulturlandskap og kulturminne.

Ein må likevel gjere ei vurdering i kvart enkelt tilfelle om det er riktig å restaurere og eventuelt korleis den restaureringa skal gjennomførast. Det er ikkje alltid det er tilrådeleg å restaurere (jamfør forvaltningsplanen side 36). Ein må vurdere bruken av ressursar opp mot behovet for restaurering og verdien av det restaurerte objektet. Ein må også ta omsyn til eventuelle inngrep og spor som restaureringsarbeidet set i terrenget og behovet for transport. Og til sist om restaureringa fører med seg behov for vedlikehald og anna oppfølging i framtida som vert krevjande å følgje opp. Alt dette vert ein del av ei heilskapleg vurdering bak kvart prosjekt eller tiltak.



I forvaltningsplanen for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden står det om tradisjonelle bygningsmiljø på side 36:

Gardstun, husmannsplassar og enkeltståande bygningar er viktige fokuspunkt i landskapet. I Nærøyfjordområdet finn ein mange gardar og buplassar som gjennom tidene har blitt fråflytte og som no ligg til forfall. Mykje av forfallet kan ikkje stoppast, og alt kan ikkje restaurerast. Likevel bør det gjerast ei samla statusvurdering av bygningsmiljø i verneområda. Nokre bygningsmiljø og bygningstypar bør sikrast for framtida for å ha eit representativt utval av bygningstypar og bruksområde. I særskild grad bør det gjerast ein innsats for å halde vedlike dei bygningsmiljøa som er eksponert mot fjorden, både nede ved sjøen og hyllegardar.

I alle byggesaker vil det vere viktig å legge vekt på tradisjonell byggeskikk og bruk av naturmaterialar. [...]

Sidan det i stor grad er ynskeleg å halde vedlike heilskaplege kulturlandskapsmiljø, er gardsbruk og stølar nærmere omtalt i kapittel 4.4.

Og vidare på side 42 (kapittel 4.4):

Løyve til nye byggetiltak og andre typar inngrep i område der det ikkje er slike frå før, vil som hovudregel ikkje bli gjeve.

Det er fleire moment i denne saka som er heilt i tråd med det som står om tradisjonelle bygningsmiljø i forvaltningsplanen. Det er eit bygningsmiljø som ligg i alle fall delvis eksponert mot fjorden, det er lagt vekt på tradisjonell byggeskikk, det skal brukast naturmateriale frå nærområdet og her er bygningar på før.

På Skogane er det allereie gjort ein del restaurering, ved at hovudhuset på plassen er reparert og sikra. Det arbeidet er ikkje heilt ferdig, men her er planer om å ferdigstille det samstundes som at kokkehusa vert restaurert. Det at det tidlegare har blitt gjort restureringstiltak på Skogane og at det har fått tilskot til dette arbeidet i fleire omganger, fortel at restaurering av Skogane er eit ønske tiltak.

Det er eit vanleg prinsipp i verna område at ein får restaurere bygningar som framleis står, men ikkje nødvendigvis bygge opp att bygg som har falle ned. Det er då eit definisjonsspørsmål kva som skal telle som ein ståande bygning. Ein mykje brukt definisjon der er om mønet på bygget framleis er intakt. Dersom det gjer det, er det ein ståande bygning som kan restaurerast. Dersom det derimot er restane av ein bygning der mønet og taket har falle ned, og det i tillegg er ein del år sidan (til dømes talfesta til meir enn 10 år), so kan ein ikkje utan vidare rekne med å få løyve til å bygge opp att.

Det eine kokkehuset på Skogane er etter den definisjonen å rekne som ein ståande bygning (bilete 3 lenger oppe). Det er då lite kontroversielt å restaurere denne. Det er og vesentleg enklare å restaurere dette med opphavelege mål og utsjånad når bygget er sopass intakt. Det andre kokkehuset er meir forfalle (bilete 4), der har møne falle ned. I følgje Bjørn Vike har det skjedd for 2-3 år sidan, altso innanfor ein rimeleg frist for restaurering.



Det er sendt inn enkle skisser med mål saman med søknaden. Dei er å rekne som prisnippeskisser sidan bygga skal restaurerast med dei mål og den utsjånad dei har eller har hatt opphaveleg. Då må ein rekne med noko tilpassing. Skildring av kledning og tak verkar til å vere fornuftig og i tråd med det som har vore opphaveleg, og Bjørn Vike har stadfesta at det skal byggast opp med same utsjånad og material som har vore brukt før. Prisnippeskisser og ein ikkje altfor detaljert plan opnar og for at forvalningsstyresmakta kan ha handa på rattet og legge vilkår for arbeidet.

Dyrdal har ikkje skildra kva dører og vindauge som eventuelt skal brukast i søknaden. Det bør han gjere greie for, og styret godkjenne det, før dører og vindauge vert sett inn.

Det har vore ei litt krevjande sak å få oversikt over og handsame. Det er sendt inn mykje informasjon, men det har vore litt uoversiktleg og lite strukturert. Ein del vesentleg informasjon mangla i utgangspunktet men har blitt sendt inn etter kvart. Det følgjer fleire både gamle og nye bilete med søknaden som gjer det mogeleg å få ei viss oversikt over plassen og tiltaka, sjølv om eg ikkje har vore der. Kombinert med nokre opplysningar over telefon frå Bjørn Vike so meiner eg som forvaltar at saka er godt nok opplyst til at den kan handsamast. Kravet til tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag i naturmangfaldlova (nml) § 8 er oppfylt, og føre-var-prinsippet i § 9 treng ikkje leggast til grunn.

Det er mange saker som gjeld restaurering og andre tiltak på bygningar i Nærøyfjorden, og det er naturleg nok potensiale for fleire i framtida. Det er derfor viktig at ein vurderer det samla omfanget og ei eventuell samla belastning på området av sakene, jamfør nml § 10. I tillegg må ein vurdere om ei sak skapar ein ny og uheldig presedens som kan legge føringar for framtidige saker. Det at dette tiltaket har fått midlar frå verdsarvområdet sine tilskotsordningar tyder på at ein vurdert tiltaket til å vere innanfor dei gjeldande retningslinjene for restaurering av bygningar.

Tiltakshavar har ansvar for å rydde opp og fjerne avfall og overskotsmateriale når arbeidet er ferdig. Kostnader i samband med dette skal dekkast av tiltakshavar. Det gjeld og om forvalningsstyresmakta må hyre inn andre til å gjere opprydningsjobben, jamfør nml § 11.

Gjennom naturmangfaldlova § 12 kan ein sette krav til at mest skånsame metodar vert nytta i ein aktivitet eller tiltak. Her er det snakk om å restaurere bygningane med tradisjonelle teknikkar og tradisjonell material. Arbeidet skal gjerast utan store maskiner og all transport skjer luftvegen. Kravet i nml § 12 er oppfylt.

Det er som sagt ei litt komplisert sak, men forvaltar meiner likevel det er tilrådeleg og fornuftig å gje løyve til å restaurere begge bygningane. Det er fleire ting som taler for å gje løyve. Tiltaket er i tråd med forvalningsplanen, det er til dels vidareføring av tidlegare restaureringsarbeid og tiltaket har fått økonomisk støtte frå verdsarvområdet. Det er også veldig positivt at tiltakshavar har knytt til seg den solide kompetansen til restaureringshandverkar Bjørn Vike.



På den andre sida kunne saka vore betre opplyst. Det hadde vore ein fordel å vore på synfaring på staden, men det har vi ikkje fått tid til i den situasjonen forvaltninga er i no. Vi har heller ikkje henta inn fråsegn frå kulturavdelinga til Vestland fylkeskommune, men støttar oss på den vurderinga som verdsarvområdet har gjort når dei har tildelt midlar.

Alt i alt vurderer forvaltar det slik at føremonene med å gje løyve veg tyngre enn ulemper og den uvissa som er i saka, og innstiller derfor på å gje løyve.

Styret kan eventuelt vurdere om ein som ei mellomløysing skal gje løyve til å restaurere det eine kokkehuset, det som framleis står og er i best stand. Bjørn Vikre rår derimot i frå den løysinga då han meiner at begge kokkehusa er viktige for det heilskaplege bygningsmiljøet på den gamle husmannsplassen.



Arkivsaksnr: 2025/537-8

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 18.06.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	26/25	25.06.2025

Nærøyfjorden verneområdestyre - møteplanlegging 2.halvår 2025

Innstilling frå forvaltar

Styret bør legge føringar for planlegging av dialogmøte med rådgjevande utval 20.oktober.



Saksopplysningar

Bakgrunn

På styremøte i Nærøyfjorden verneområdestyre 17. januar i år vedtok styret møteplan for 2025. I andre halvår er det lagt opp til tre møte:

- Styremøte på teams – 1.september
- Styremøte og dialogmøte med rådgjevande utval - 20.oktober.
- Styremøte og planleggingsmøte med SNO for 2026 - 3.desember

Tidleg planlegging er alltid ein fordel, og særleg no når Nærøyfjorden har fleire vikarar som fungerer som verneområdeforvaltarar.

Styremøtet på teams 1.september krev ikkje so mykje planlegging ut over å skrive sakspapir og innkalling.

Dialogmøte med rådgjevande utval 20.oktober krev derimot ein del planlegging. Det vil og vere ein fordel å få sendt ut invitasjon til møtet til utvalet so tidleg som råd. Styret bør diskutere kor ein skal ha møtet, tidspunkt og om der er nokon særskilde tema som skal på programmet.

Detaljar kring programmet kan og utsetjast til møte 1.september.

Møte med SNO 3. desember er ganske lenge til, og det krev i utgangspunktet lite planlegging.

ST 27/25 Eventuelt